



# Alternativt budsjett

## 2017

### Handlings- og

### økonomiplan

## 2017-2020

- Grøn by, levande bydelar og små skilnader

<b>Innholdsliste:</b>	<b>Side :</b>
SAMANDRAG .....	2
JUSTERTE HOVUDTAL FOR INNTEKTER OG KOSTNADER I 2017.....	6
OPPSUMMERING ENDRINGAR PÅ DEI ULIKE TENESTEOMRÅDA.....	7
OPPSUMMERING ENDRINGAR I INVESTERINGSBUDSJETTET 2017-2020 .....	8
REVERSERING AV KUTT I TILSKOT/NYE TILSKOT .....	8
HELSE OG OMSORGSTENESTER.....	9
BARNEHAGE, SKULE OG IDRETT .....	13
KLIMA, KULTUR OG NÆRING.....	18
SOSIALE TENESTER, BUSTAD OG INKLUDERING.....	21
BYUTVIKLING .....	23
ADMINISTRASJON OG FELLESTENESTER .....	26
BYSTYRET SINE ORGAN .....	29

## **Samandrag**

Målet for Senterpartiet er å skape ein solidarisk fellesskap av frie, sjølvstendige menneske, der rettferd, tryggleik og likeverd er bærande prinsipp. Senterpartiet tek utgangspunkt i nærmiljøa. Vi ynskjer oss ein inkluderande by der folk føler seg trygge og verdsette. Eit slikt bysamfunn set mjuke verdiar høgare enn kortsiktig profittmaksimering, og bygger på ein bærekraftig sameksistens med naturen og miljøet kring oss. Vi vil styrkje arbeidet med førebygging og betre folkehelse. Vi meiner at på lengre sikt - vil dette spare samfunnet for store kostnader. Bergen kommune må i framtida blir flinkare til å tenkje alternativkostnad. Vedtak vi gjer i dag kan gje oss ein kortsiktig gevinst, men medfører større kostnader i framtida. Slik har Bergen kommune gjennom mange år spart seg fattig.

Alle bergensarar skal ha like moglegheiter og skal få det same tenestetilbodet. Fleire undersøkingar har vist at det er ulike levekår mellom innbyggjarane i byen. Senterpartiet vil ha ein styringsstruktur i Bergen som reduserer avstanden mellom dei folkevalde, byråkratiet og folket i Bergen. Vi vil ha eit aktivt folkestyre og vil gjenopprette bydelstyra.

### ***Den økonomiske situasjonen***

Bergen kommune er i ein krevjande økonomisk situasjon. Utsiktene framover teiknar til enno større utfordringar. Bergen kommune er, som andre kommunar, den viktigaste leverandøren av dei daglege velferdstenestene til innbyggjarane. Solbergregjeringa har valt å gi skattelette til personar med høg formue, framfor å satse på velferd. Reduserte skatteinntekter går også ut over kommunane sine inntekter, slik også for Bergen. Vi har registrert at regjeringa Solberg seier at dei forventar at kommunane utnyttar inntekspotensialet i eigedomsskatt når dei reduserer løyvingane til kommunane. Dersom Senterpartiets alternative statsbudsjett hadde blitt vedtatt på Stortinget ville Bergen fått auka sine inntekter med 130 millionar.

Vi har lagt oss på same driftsnivå som byrådet. Totalramma for tenesteområda er tilnærma lik, men vi har gjort nokre omprioriteringar. Generelt reduserer vi administrative kostnader til fordel for faktiske tenester.

### ***Førebygging - ei helsereform***

Livstilsjukdomar rårar fleire enn før. Dei rårar hardast hjå dei med låg sosio-økonomisk status. Tiltak må setjast inn for folket som heilskap og ikkje berre på overlatast til den einskilde. Skulen må i større grad bli ein førebyggingsarena. Senterpartiet vil skape eit samfunn som fremjar helse i heile folket. I vårt budsjett for Bergen prioriterer vi derfor mellom anna følgjande tiltak

- gratis frukt og grønt i skulen
- styrking av helsestasjonar og skulehelsetenesta
- støtteordningar for innføring av skulemåltid, gjerne varmt
- forsøk med ein times fysisk aktivitet i skulen kvar dag og opprusting av uteareal ved skulane
- forbetring av symjetilbodet
- raskare utbygging og betre vedlikehald av gang- og sykkelveggar
- styrking av jordmortilbodet.
- styrking av rusførebygging og psykiatri

### ***Betre eldreomsorg***

Talet på eldre vil auke dei komande åra. Det er difor viktig å auke kapasiteten både innanfor heimebasert omsorg og i sjukeheimane. Vi vil også auke nivået på omsorgsløna. Vi er glade for at byrådet i økonomiplanen legg opp til å bygge to nye sjukeheimar, men på grunn av ombygging frå aldersheimar til sjukeheimar vil talet på plassar gå ned dei første åra. Det er difor viktig med tiltak som sikrar dei som kan og vil høve til å bu lenger heime. Vi vil likevel understreke at alle som treng det skal få sjukeheimplass.

### ***Styrkjer helsetenesta***

Vi vil også styrkje helsesystemtenesta, særleg i Fyllingsdalen og Ytrebygda. Helsestasjonane for ungdom er viktige og er eit svært viktig innslag i førebygging av seinare helsekostnader. Vi vil også styrkje den lokale legevakttenesta, herunder eit særskilt tilbod til heimebuande eldre. Jordmortilbodet må også betrast. Vi har det som mål at alle foreldre som ynskjer det skal få heimebesøk av kommunal jordmor. Ei god jordmorteneste kan spare samfunnet for store kostnader seinare.

### ***Desentralisert barnehagestruktur***

Senterpartiet vil desentralisere barnehagestrukturen gjennom å leggje nye barnehagar ut i nærmiljøa der folk bur. Vi vil altså gå lenger enn byrådet og gi rett til plass i eigen bydel. Bydelane Bergenhus og Årstad som har i dag størst underdekning av barnehageplassar. Vi er opne for å vurdere lemping av arealkrava i desse områda. Dette under føresetnad av at dette er friluftsbarnhagar eller at dei nyttar grøntareal i nærområda på ein aktiv måte.

### ***Auka engasjement i lokaldemokratiet og – i samfunnet***

Senterpartiet ynskjer å engasjere byens innbyggjarar sterkare i det som skjer i byen og at bystyre og byråd får fleire innspel frå innbyggjarane i lokale saker. Vi vil derfor at ein etablerer ei ordning med lokale møte, minst ein gong i året i kvar bydel, der byråd og partirepresentantar møter folket i opne folkemøte. På desse møta skal folket stå i sentrum og det skal ikkje være debatt politkarane imellom, men dei kan svare på spørsmål frå deltakarane.



Senterpartiet vil styrkje innsatsen som mange frivillige lag og organisasjonar gjer for nærmiljøet sitt. Dette gjeld lokale velforeiningar, nærmiljøorganisasjonar, organisasjonar som «Bærekraftige Liv» m.fl. Vi vil derfor gi ei årleg løyving til ein pott som denne typen organisasjonar kan søkje om midlar til klart definerte tiltak frå. Stønadsmottakar må i ettertid kunne dokumentere at midlane er brukte til det som det er søkt om.

### ***Kultursatsing***

Senterpartiet går inn for å styrkje bibliotekenesta, og auke støtta til lag og organisasjonar. Bergen kan ikkje vere nøgde med å ha ein av landets dårlegaste kulturskular. Vi set som mål at Bergen skal få ein av dei fremste i landet.

### ***Miljø***

Budsjettet vår har ein klar miljøprofil. Vår politikk byggjer på ein desentralisert bystruktur som skal leggje til rette for å redusere transportbehovet til og frå arbeid, skule, barnehage og fritidsaktivitetar. Sjølv om vi legg til rette for betre kollektivtransport, er det aller mest effektive ein by med god balanse mellom kvar folk bur og kvar dei har sitt virke.

Vi prioriterer også jordvern sterkt og vil setje strenge krav til bruk av dyrka eller dyrkbar jord. Berre tre prosent av arealet i Noreg kan brukast til å dyrke mat. Bergen har sitt ansvar for å ta vare på det vesle vi har. Å sikre eit lokalt landbruk er ein føresetnad for å kunne tilby innbyggjarane trygg, kortreist mat. Kommunen er ein stor eigar av jordbruksareal og har eit sjølvstendig ansvar for å ta vare på og syte for at arealet er i drift (gjerne gjennom utleige). Senterpartiet meiner at å verne om matjord må vere det viktigaste omsynet når omdisponering av areal skal gjerast i kommunen.

### ***Opprusting av byromet***

Senterpartiet prioriterer satsing i byromet gjennom styrka vedlikehald, auka satsing på byutvikling og meir investering i byareal.

### ***Betre vedlikehald av gang- og sykkelveggar***


Senterpartiet vil satse offensivt på å byggje gang- og sykkelveggar i alle bydelar. Ved å prioritere desse pengane til gåande og syklande, vil Senterpartiet sikre ei raskare utbygging av sykkelvegnettet. Vedlikehaldet av gang- og sykkelveggar må haldast på minst same nivå som vegnettet elles.

### ***Tru og livssyn- folkekyrkja***

Senterpartiet vil sikre den norske kyrkja og andre dei andre trus- og livssynssamfunna gode og føreseielege rammevilkår. Senterpartiet vil sikre vedlikehaldet av kyrkjebygga i byen. Vi vil sikre at innbyggjarane utan kostnad kan bruke kyrkjeroma til bryllaup og gravferder. Vi vil også tilretteleggje gravstader og nøytrale seremonirom slik at også medlemmar av andre trus- og livssyn kan bruke desse. Senterpartiet vil tilsette fleire koordinatorar for frivillige og fleire diakonar i kyrkjelydane.

### ***Prioritering av drift framfor byråkrati***

Gjennom fleire år har offentleg sektor fått større og større krav til kontroll og rapportering. Dette har teke ressursar som alternativt kunne vore brukt på å få utføre grunnleggande tenester i samfunnet. Sp meiner ein bør redusere kontrollomfanget og heller ha tillit til dei som gjer jobben. Gjennom dette får vi midlar til fleire lærar og sjukepleiarar i staden for kontroll. Senterpartiet trekkjer ned 2 % i sentraladministrasjon (tenesteområde 16) i byrådsavdelingane og brukar dette på konkrete driftstiltak i staden. Vi vil også redusere kommunens kostnader gjennom kontorfortetting i administrativ sektor og redusere reiseverksemda til fordel for nettbaserte møte som t.d. videokonferansar og Skype. Sp går også i mot å bruke meir pengar på drift av byrådet og prioriterer realtenester i staden for administrasjon.



Ove Sverre Bjørndal  
Gruppeleiar, Sp

## Justerte hovudtal for inntekter og kostnader i 2017

Senterpartiet legg til grunn byrådet sitt anslag på skatt og rammetilskot. (tal i 1000 kr)

Beløp i mill kroner	Byrådet sitt framlegg	Tilleggs-innstilling I	Justert framlegg frå byrådet	Endring	Sp sitt budsjett for 2017
Skatt på formue og inntekt	-8.695.069	-86.722	-8.781.791	-	-8.781.791
Rammetilskot	-5.416.476	110.902	-5.305.574	-	-5.305.574
Eigedomsskatt	-807.630	-	-807.630	-	-807.630
Generelt statstilskot m.v	-548.450	20.642	-527.808	-	-527.808
<b>Inntekter utan om tenesteområda</b>	<b>-15.467.625</b>	<b>44.822</b>	<b>-15.422.803</b>	<b>-</b>	<b>-15.422.803</b>
Utbytte frå selskap	-188.000	-	-188.000	-	-188.000
Renter	329.527	-7.992	321.535	422	321.957
Avdrag og utlån	626.541	-4.000	622.541	734	623.275
<b>Til disposisjon før avsetningar</b>	<b>-14.699.557</b>	<b>32.830</b>	<b>-14.666.726</b>	<b>1.156</b>	<b>-14.665.570</b>
Driftsutgifter tenesteområda	14.290.290	3.146	14.293.436	-6.419	14.287.017
<b>Driftsresultat</b>	<b>-409.266</b>	<b>35.976</b>	<b>-373.290</b>	<b>-5.263</b>	<b>-378.553</b>
Avsetningar/Bruk av avsetningar	47.266	-35.976	11.290	5.263	16.553
Driftsinvesteringar	365.000	-	365.000	-	365.000
Overføring frå særbedrifter	-3.000	-	-3.000	-	-3.000
<b>Sum disponeringar</b>	<b>409.266</b>	<b>-35.976</b>	<b>373.290</b>	<b>5.263</b>	<b>378.553</b>

### Eigedomsskatt

Vi legg til grunn eit fribeløp på kr 750.000 og 2,6‰ for bustader og fritidseigedomar. For næringsseigedomar er satsen sett til 5‰. Eigedomsskatten er lik den byrådet har foreslått.

### Netto effekt av Sp sine omprioriteringar

Senterpartiets omprioriteringar har gjort at vi brukar 6,4 millionar mindre enn byrådet. Justert for auka renter og avdrag tilfører vi 5,2 millionar til disposisjonsfondet for dekning av eventuelt meirforbruk i høve til budsjettet.

## Oppsummering endringer på dei ulike tenesteområda

(tal i 1000 kr)

Tenesteområde	Frå byrådet			Senterpartiet sitt forslag		
	Budsjett- framlegg I	Tilleggs- innstillinger	Sum frå byrådet	Auke	Nedtrekk	Sum
01A Barnehage	2.246.800	-25.228	2.221.572	100		2.221.672
01B Skule	3.101.284	2.612	3.103.897	7.800		3.111.697
01C Spesialpedagogiske tenester	229.964	-	229.964			229.964
02 Barnevern	588.316	-3.129	585.187			585.187
03A Tenester til eldre	2.832.466	2.081	2.834.547	4.210		2.838.757
03B Tenester til funksjonshemma	157.859	-5.000	152.859			152.859
03C Tenester til utviklingshemma	1.082.978	17.290	1.100.268			1.100.268
03D Psykiske helsetenester	381.820	5.259	387.079	1.000		388.079
04A Tenester til rusavhengige og bustadslause	244.924	287	245.211	3.161		248.372
04B Sosialhjelp og andre sosiale tenester	900.304	-12.067	888.238	1.200		889.438
05A Førebyggjande helsearbeid	201.231	2.600	203.831	3.500		207.331
05B Behandling og rehabilitering	409.156	8.914	418.070			418.070
06 Overføringer til trussamfunn	172.826	2.840	175.666			175.666
07 Brannvern	197.552	4.611	202.162			202.162
08 Samferdsel	81.955	2.799	84.754	500		85.254
09 Bustadtiltak	82.516	300	82.816			82.816
10A Offentlege planar, byplanlegging og kulturmin	65.050	-	65.050			65.050
10B Private planar og byggjesak	9.209	-	9.209			9.209
10C Naturforvaltning og parkdrift	89.253	-	89.253	1.250		90.503
10D Klima og miljø	21.472	-	21.472	5		21.477
11A Lærlingar	27.628	-	27.628			27.628
11B Arbeidsmarknadstiltak	5.752	-	5.752			5.752
12A Kulturtilbod	119.321	648	119.969	500		120.469
12B Kultur og aktivitetstilbod for barn og unge	116.820	144	116.964	2.035		118.999
12C Museum	69.527	403	69.929	800		70.729
12D Bibliotek	71.367	3	71.371			71.371
12E Diverse kommunale kulturbygg	43.621	375	43.996			43.996
13 Idrett	236.301	-9.481	226.819			226.819
14 Næring	23.947	-1.715	22.232			22.232
15 Bystyret sine organ og administrasjon	84.509	-	84.509	2.500		87.009
16 Administrasjon og fellesfunksjonar	882.886	7.206	890.092		21.980	868.112
17A Fellestenester	28.249	-	28.249			28.249
17B Sivilforsvar og beredskap	3.737	1.393	5.130			5.130
18A Vatn og avlaup	2.635	-	2.635			2.635
18B Renovasjon	3.138	-	3.138			3.138
20 Interne tenester / fordelte kostnader	10.244	-	10.244			10.244
21 Sentrale budsjettpostar	-536.326	-	-536.326		13.000	-549.326
<b>Totalt</b>	<b>14.290.290</b>	<b>3.146</b>	<b>14.293.436</b>	<b>28.561</b>	<b>34.980</b>	<b>14.287.017</b>

## Oppsummering endringer i investeringsbudsjettet 2017-2020

(viser endringer i høve til byrådet sitt framlegg) Tal i millionar.

Tenesteområde	2017	2018	2019	2020	Sum
8 Byutvikling	10,0	10,0	10,0	10,0	40,0
10 Investering i gang og sykkelveggar	8,0	8,0	8,0	8,0	32,0
10 Opprusting av turvegnettet	8,0	8,0	8,0	8,0	32,0
12 Investeringsstøtte "Gestapomuseet"	1,7	0,0	0,0	0,0	1,7
13 Utbygging av nærmiljøanlegg for idrett	4,0	3,0	3,0	3,0	13,0
21 Prosjekt kontorfortetting	5,0	5,0	5,0	0,0	15,0
<b>Netto endra finansieringsbehov</b>	<b>36,7</b>	<b>34,0</b>	<b>34,0</b>	<b>29,0</b>	<b>133,7</b>

Finansiering	2016	2017	2018	2019	Sum
<b>Område:</b>					
Saldert med mindre(+)/meir(-) låneopptak *)	36,7	34,0	34,0	29,0	133,7
<b>Sum</b>	<b>36,7</b>	<b>34,0</b>	<b>34,0</b>	<b>29,0</b>	<b>133,7</b>

Lån er planlagt finansiert med serielån over 25 år og 2,3 % rente. I snitt tatt opp midt i året. Kostnad i 2017 blir 1,2 millionar.

## Reversering av kutt i tilskot/nye tilskot

Til følgjande følgjande føremål vil Senterpartiet reversere byrådets støttekutt. (Lista viser endring, ikkje det totale tilskotet)(i heile kroner):

Teneste	Føremål	2017	2018	2019	2020
23130	Fana skoleteater	35.000	35.000	35.000	35.000
<b>23130 Totalt</b>		<b>35.000</b>	<b>35.000</b>	<b>35.000</b>	<b>35.000</b>
24210	Leieboerforeningen	500.000	500.000	500.000	500.000
<b>24210 Totalt</b>		<b>500.000</b>	<b>500.000</b>	<b>500.000</b>	<b>500.000</b>
24310	IOGT-Bergen	61.000	61.000	61.000	61.000
<b>24310 Totalt</b>		<b>61.000</b>	<b>61.000</b>	<b>61.000</b>	<b>61.000</b>
36030	Bergen Elveforum	250.000	250.000	250.000	250.000
<b>36030 Totalt</b>		<b>250.000</b>	<b>250.000</b>	<b>250.000</b>	<b>250.000</b>
37580	Tellevik kystfort	400.000	400.000	400.000	400.000
<b>37580 Totalt</b>		<b>400.000</b>	<b>400.000</b>	<b>400.000</b>	<b>400.000</b>
<b>Totalsum</b>		<b>1.246.000</b>	<b>1.246.000</b>	<b>1.246.000</b>	<b>1.246.000</b>

Bergen Elveforum eit nytt føremål.



## Helse og omsorgstenester

Senterpartiet set klare kvalitetsmål på omsorgstenestene. Alle har krav på rett hjelp til rett tid, og i størst mogleg grad av fast pleiepersonale. Vi vil styrkje dei tilsette sin kompetanse og tilsette fleire i heiltidsstillingar. Sp har derfor i mange år vore opptatt av å etablere eit kommunalt vikarselskap. Vi er glad for at dette også er byrådet sin politikk.

### Betre eldreomsorg

Talet på eldre i Bergen vil auke dei komande åra. Det er difor viktig å auke kapasiteten, både innanfor heimebasert omsorg og i sjukeheimane. Parallelt med kapasitetsveksten er det avgjerande å betre kvaliteten på omsorgstenestene for eldre. Det må difor prioriterast å satse sterkare på rekruttering av høgt kvalifiserte tilsette i eldreomsorga. Senterpartiet vil styrkje både lege- og pleiefaktoren ved sjukeheimane for å betre kvaliteten på tenestene. Fleire spesialiserte og godt bemanna sjukeheimar vil hindre unødvendige sjukehusinnleggingar og auke kvaliteten på tenestene. Aktivitet for pasientane er god medisin. Vi vil derfor styrke aktivitetstilbodet og set av 500.000 til dette i 2017 og aukar dette til 1 million frå 2018.

Bergen og resten av Noreg står framfor ei aukande gruppe eldre som krev omsorg. Ved sidan av ei auka utbygging av sjukeheimar, er det viktig å leggje til rette for at dei som ynskjer og kan ta vare på sine eldre heime, blir sett i stand til dette. Senterpartiet vil difor styrkje ordninga med omsorgsløn. Dette vil også redusere presset på sjukeheimane. Tildelinga av omsorgslønn er ulik i bydelane. Sp meiner at bustaden ikkje skal ha noko å bety for korvidt ein får omsorgslønn.

Den som treng det, skal få tilbod om sjukeheims plass. Vi ynskjer også eit tilbod til dei som av ulike grunnar ikkje ynskjer å bu heime, og i staden ynskjer eit utvida omsorgstilbod og fellesskap med andre eldre.

Tilbodet til dei heimebuande demente og deira pårørande må bli betre. Senterpartiet aukar difor løyvingane til dagsentra for demente. Senterpartiet meiner samhandlinga mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta må byggjast ut gjennom gode avtalar som sikrar innbyggjarane naudsynt helsehjelp. Den positive utviklinga med oppnemning av kontaktsjukepleiarar må halde fram. Ordninga «Frå ufaglært til faglært» må halde fram. Kommunen må bidra til å styrke helsefagarbeidarane sin status, t.d. med å sikre fleire heiltidsstillingar.

Senterpartiet meiner det må vere høve for pasientane til å sjølv velje i kva for ein bydel ein ynskjer sjukeheims plass. Særleg vil dette vere viktig dersom ein har pårørande i ein annan bydel enn der pasienten sjølv bur.

Under føresetnad av at dei tre nye sjukeheimane byrådet planlegg i økonomiplanen blir gjennomført slik byrådet foreslår, har vi ikkje nye forslag i denne perioden. Planlegginga av vidare utbygging må halde fram. Alle nye sjukeheimane må planleggast med kjøkken.

### Nærhelsetenesta

Senterpartiet vil styrkje skulehelsetenesta og helsestasjonane sine høve til å drive utstrekt førebygging gjennom ulike tiltak. Senterpartiet vil oppretthalde og betre helsesøstertilbodet i alle bydelane. Kartlegging og oppfølging av born som pårørande er ei viktig oppgåve. Senterpartiet vil styrke ordninga med helsestasjon for ungdom og ordninga med jentegrupper.

Vidare vil Senterpartiet styrkje legevakttenesta i bydelane, samt styrkje den kommunale jordmortenesta. Heimebesøk frå jordmor og helsesøster skal vere ein del av dette tilbodet.

### Styrke det psykiske helsearbeidet

Senterpartiet vil styrkje primærhelsetenesta for psykisk sjuke. Vi vil auke talet på kommunale psykologstillingar. Dette for å auke tilgjenge, minske ventelistene og førebyggje meir. Tilbodet må bli betre, både for dei med lettare lidningar og dei med meir samansette diagnoser.

#### «Inn på tunet»

«Inn på tunet» tilbyr tilrettelagde tenester på gardsbruk retta mot mange sektorar. Ein tilbyr tiltak innanfor skule, psykisk helse, demens, arbeidstrening, integrering av innvandrarar og flyktningar, rus- og kriminalomsorg. Senterpartiet vil styrkje denne tenesta med 1 million årleg, frå 1. juli 2017. Det tverretatlege samarbeidet dei offentlege etatane i mellom og deira samarbeid med tilbydarane må styrkast.

### Styrkje førebyggjande tiltak mot heimeulykker

Senterpartiet verdset tilbodet som blir ytt av tryggleikssjukepleiarane for å hindre heimeulykker. Desse må sikrast midlar innanfor gjeldande rammer. Eldre som i dag ikkje tek i mot tenester frå kommunen bør også få eit slikt tilbod.

### Svangerskaps- og barselomsorg

Svangerskaps- og barselomsorga er ei viktig kommunal oppgåve. Ettersom liggetida stadig blir kortare på Kvinneklinikken er det viktig at kommunen tilbyr eit trygt tilbod. Difor styrkjer Sp dette tilbodet, både jordmortenesta og helsestasjonstilbodet. Ein må oppretthalde og betre dekninga av helsesyster i alle bydelar. Bergen kommune skal i 2022 overta fleire oppgåver på dette området og må førebu seg godt på dette.

Forslag til nye eller endra mål til driftsbudsjett/ økonomiplanen sin driftsdel					
TT. om r	Verbal skildring av mål	Målemetode /-indikator	Talfesting av mål for budsjettåret (2017)	Talfesting av mål innan utgangen av økonomiplanperioden (2020)	Votering
02	Auke andelen med tiltak frå familierettleingstenesta	Årlege målingar	40%	42%	Fremja av: Sp Støtta av:
03A	Brukarar av heimesjukepleia sin ernæringsstatus vert følgde opp etter retningslinjene	Kvartalsvise målingar	60%	65%	Fremja av: Sp Støtta av:
03A	Kvaliteten på tilbodet i pasientane i heimesjukepleia skal bli betre	Brukarundersøkingar hos pasient/pårørande	60%	65%	Fremja av: Sp Støtta av:
05A	Auke talet på heimebe-	Årleg måling av	Ingen skal oppleve eit	Ingen skal oppleve eit	Fremja av:

Forslag til nye eller endra mål til driftsbudsjett/ økonomiplanen sin driftsdel					
TT. om r	Verbal skildring av mål	Målemetode /-indikator	Talfesting av mål for budsjettåret (2017)	Talfesting av mål innan utgangen av økonomi-planperioden (2020)	Votering
	søk av jordmor og helse-søster etter fødselar.	dei som ynskjer besøk.	dårlegare tilbod	dårlegare tilbod	Sp Støtta av:

Endringar i driftsbudsjettet i høve til byrådet si innstilling II						
T. omr	Gjeld år/ periode i økonomi-plan	Verbal skildring av tiltak/ teneste	Endringar i rammebudsjett til aktuelt tenesteområde	Øyremerking av midlar innanfor føreslått rammebudsjett	Ev. forslag til inndekning	
03A	2017 2018 2019 2020	Styrkje dagsentertenenesta for demente	+ 500.000 + 1.000.000 + 1.000.000 + 1.000.000			
03A	2017 2018 2019 2020	Styrking av tilbodet om musikkterapi, spesielt for demente	+ 500.000 + 500.000 + 500.000 + 500.000			
03A	2017 2018 2019 2020	Utbygging av aktivitørtilbodet ved sjukeheimane	+ 500.000 + 1.000.000 + 1.000.000 + 1.000.000			
03A	2017 2018 2019 2020	Styrkje det grønne omsorgsarbeidet med utviding av ordninga «Inn –på tunet».	+ 500.000 + 1.000.000 + 1.000.000 + 1.000.000			
03A	2017 2018 2019 2020	Auke nivået på omsorgsløna frå 1. juli 2017 for å verdsetje dei som tek ut omsorgsløn, og samtidig stimulere til at fleire tek ut omsorgslønn	+ 2.210.000 + 3.000.000 + 3.000.000 + 3.000.000			
03D	2017 2018 2019 2020	Styrkje kommunens primærhelseteneste innan psykiatri	+ 1.000.000 + 1.000.000 + 1.000.000 + 1.000.000			
05A	2017 2018	Styrkje skulehelsetenesta for å	+ 1.500.000 + 2.500.000			

Endringer i driftsbudsjettet i høve til byrådet si innstilling II						
T. omr	Gjeld år/periode i økonomi-plan	Verbal skildring av tiltak/teneste	Endringer i rammebudsjett til aktuelt tenesteområde	Øyremerking av midlar innanfor føreslått rammebudsjett	Ev. forslag til inndekning	
	2019 2020	drive utstrekt førebygging, herunder jentegrupper i alle bydelane	+ 2.500.000 + 2.500.000			
05A	2017 2018 2019 2020	Styrkje den kommunale jordmortenesta	+ 1.000.000 + 1.000.000 + 1.000.000 + 1.000.000			
05A	2017 2018 2019 2020	Styrkje legevakttenesta i bydelane	+ 1.000.000 + 3.000.000 + 3.000.000 + 3.000.000			
16	2017 2018 2019 2020	Generelt nedtrekk i administrasjon på 2 %. Denne skal primært takast ut i sentral administrasjon i byrådsavdelinga	- 1.560.000 - 1.560.000 - 1.560.000 - 1.560.000			

## **Barnehage, skule og idrett**

Senterpartiet ser på familien som den grunnleggande sosiale eininga i samfunnet, og behovet for omsorg, tryggleik, ro og nærleik må tilfredstillast der. Den moderne kvardagen legg eit sterkt tidspress på barn og unge. Skal barnehage, skule og SFO kombinerast med eit aktivt liv på fritida, blir tida i heimen avgrensa. Difor er det avgjerande at vi byggjer bysamfunn som gjer livet enklare for innbyggjarane. Nærskulen skal ha ein sentral plass i dette arbeidet. Arbeidet mot mobbing må ha høg prioritet på alle nivå i skulen. Eit betre samarbeid mellom skule og heim kan vere med på å bidra til dette. Kommunalt FAU bør opprettast på nytt.

### **Styrking av barnehagen**

Senterpartiet vil at barnehagar i størst mogleg grad skal liggje i nærleiken av der barna bur. Senterpartiet vil satse på små og mellomstore barnehagar. Barnehagane skal kunne gjere nytte av ressursane til skular, kulturinstitusjonar og eldresenter i nærmiljøet. Bergen har i dag eit mangfaldig barnehagetilbod med både små og store barnehagar, private og kommunale. Dette mangfaldet ynskjer Senterpartiet å oppretthalde. Alle barnehagar skal ha godkjent innklima.

Vi vil sikre kvaliteten i barnehagen ved at det er tilstrekkeleg pedagogisk personale i høve til norm. Sidan det skal vere full barnehagedekning i Bergen, er det svært mange barn i alderen 1 til 3 år i barnehagane. Vi ynskjer sterkare fokus på dei minste i barnehagen og vil sørge for at det i kvar barnehage er pedagogar med spesialkompetanse på desse gruppene. Senterpartiet har som mål at alle som søker, skal få barnehageplass i eige nærmiljø om dei ynskjer det.

For å dekkje mangelen på barnehageplassar i bydelane Bergenhus og Årstad har vi støtta ein tilpassa/justert arealnorm. Dette under føresetnad av at dette er friluftsbarnehagar eller at dei nyttar grøntareal i nærområda på ein aktiv måte.

Senterpartiet vil jobbe for auka vaksentettleik i barnehagane. Vårt langsiktige mål er ein pedagog og to assistentar per 7 barn på småbarnsavdelingane og per 14 barn elles. Senterpartiet ynskjer språkstimulering både på nynorsk og bokmål i alle barnehagar i Bergen og vil difor setje av midlar til å kjøpe inn bøker på begge målformer.

Kommunen må ta ansvaret sitt som arbeidsgjevar alvorleg, og syte for systematisk arbeid for å senke sjukefråveret og arbeide for gode arbeidsmiljø.

### **Styrking av skulen**

Senterpartiet vil føre ein føreseieleg skulepolitikk der foreldre, elevar og skulepersonell ikkje skal måtte leve med utryggleik kring skulens eksistens. Vi vil at kommunen sin skulebruksplan skal følgjast i heile perioden den er vedteken for. Skulenedleggingar som ikkje er heimla i planen, skal i prinsippet ikkje kunne vedtakast.

Senterpartiet aksepterer ikkje nedlegging av skular utan at dette er eit ynskje frå skulekrinsen sjølv. Vi meiner at mange skular av moderat storleik vil gje Bergen ein betre og meir fleksibel infrastruktur. Vi støtta flyttinga av leksehjelpa til mellomtrinnet, men er uroa over at dei yngre klassane som miste sitt tilbod. Det bør vurderast å opne for at einskilde skular kan prøve ut ordningar med kompetent leksehjelp i regi av frivillige også på desse trinna. Vi vil styrkje rådgjevingstenesta for å hindre feilval, og for å lette overgang mellom skulenivåa. Venteleg vil dette redusere fråfall. Dagens krav til dokumentasjon og rapportering frå lærarane er omfattande, og må reduserast slik at lærarane får bruke meir av arbeidstida si til undervisning.

Vi vil også styrkje skulebiblioteka og vidareutvikle samarbeidet med dei offentlege biblioteka i bydelane. Skulebiblioteka skal også ha eit breiare utval på begge målformer, slik at alle elevane kan få eit godt tilbod av bøker på sidemålet sitt. Vi vil også leggje til rette for fleire praktiske valfag i bergensskulen, herunder handverk og estetiske fag. Det skal vere språkstimulering både på nynorsk og bokmål i alle barnehagar i Bergen. Det må difor kjøpast inn bøker på begge målformer. Ordninga med eit allkomunalt foreldreutval (FAU) bør opprettast på nytt for å styrkje samarbeidet skulane imellom. Prosjektet «Fysisk aktivitet i skolen» må utvidast til fleire skular. Dette skal delvis integrerast i annan undervisning og ikkje føre til lenger skuledag. Det må etablerast forsøk med at kvar skule har sin parsellhage i nærleiken av skulen. Målsettinga skal vere at ein dyrkar matvarer som kan nyttast i kjøkkenundervisninga.

### Varm skulemat/ frukt og grønt

Skular som serverer varm skulelunsj opplever elevar med betre konsentrasjon og overskot til skulearbeidet. Senterpartiet ynskjer at fleire skular skal etablere denne ordninga og set av 17 millionar i planleggingsmidlar over 4 år som skulane kan søkje om midlar til å etablere eit tilbod. På skular der tilhøva ikkje ligg til rette for etablering av varm skulelunsj, er vi opne for å vurdere andre løysingar. Senterpartiet vil heller ikkje fjerne ordninga med frukt og grønt som Solbergeregjeringa tok frå borna. For å dekkje dette set vi av 2,5 millionar per år.

### Skulefritidsordninga

Mange skular i Bergen har gode skulefritidsordningar. Men dessverre vert det ikkje stilt tydelege kvalitetskrav til innhaldet i SFO, og tilbodet varierer kraftig frå skule til skule. Senterpartiet vil stimulere til tett samarbeid mellom skule, kulturskule, frivillige organisasjonar og idrettslag og nærmiljøet elles. Alle elevar bør få tilbod om gode fritidsaktivitetar som utfordrar barna både fysisk, estetisk og intellektuelt i SFO-tida. Aktivitetane skal i hovudsak finansierast over det ordinære driftsbudsjettet og skal ikkje koste meir enn det eit tilsvarande tilbod ville ha kosta på fritida. Når fritidsaktivitetane blir gjennomført på skulefritidsordninga, vil familien får meir tid saman på kveldstid.

### Næridrett

Det er viktig å stimulere arbeidet med idrett og fysiske aktivitetar. Senterpartiet ynskjer ulike typar idrettsanlegg som stimulerer bergensarar i alle aldrar til ein sunn og aktiv kvardag. Det er naturleg å sjå skulestruktur og idrettsanlegg i samanheng. Vi ynskjer godt tilgjenge og lågast mogleg eigenbetaling. Senterpartiet vil at kommunale idrettsanlegg skal vere gratis for frivillige lag og organisasjonar å bruke. Etter opning av ADO Arena skal symjetilbodet i dei andre bydelane vere minst like tenlege som i dag. Eksisterande symjeanlegg utanfor bykjernen må behaldast.

Forslag til nye eller endra mål til driftsbudsjett/ økonomiplanen sin driftsdel					
TT. omr	Verbal skildring av mål	Målemetode /-indikator	Talfesting av mål for budsjettåret (2015)	Talfesting av mål innan utgangen av økonomiplanperioden (2020)	Votering
01B	Etablering av parsellhagar ved grunnskulane	Talet på skular med parsellhagar	10	20	Fremja av: Sp Støtta av:

Forslag til nye eller endra mål til driftsbudsjett/ økonomiplanen sin driftsdel					
TT. omr	Verbal skildring av mål	Målemetode /-indikator	Talfesting av mål for budsjettåret (2015)	Talfesting av mål innan utgangen av økonomiplanperioden (2020)	Votering
01B	Etablering av retningslinjer for innhaldet i SFO		Retningslinjer klare	Evaluering av retningslinjene	Fremja av: Sp Støtta av:

Endringar i driftsbudsjettet i høve til byrådet si innstilling II						
T. omr	Gjeld år/ periode i økonomiplan	Verbal skildring av tiltak/ teneste	Endringar i rammebudsjett til aktuelt tenestemråde	Øyremerkning av midlar innanfor føreslått rammebudsjett	Ev. forslag til inndekning	
01A	2017 2018 2019 2020	Innkjøp av bøker til barnehagane på begge målformer	+100.000 +100.000 +100.000 +100.000			
01B	2017 2018 2019 2020	Styrkje skulebiblioteka, herunder utvida tilbod av sidemållitteratur	+ 500.000 + 1.000.000 + 1.000.000 + 1.000.000			
01B	2017 2018 2019 2020	Tiltretteleggje for fleire praktiske valfag i bergensskulen, herunder handverk og estetiske fag.	+ 500.000 + 1.000.000 + 1.000.000 + 1.000.000			
01B	2017 2018 2019 2020	Frukt og grønt i skulen	+ 2.500.000 + 2.500.000 + 2.500.000 + 2.500.000			
01B	2017 2018 2019 2020	Prøveprosjekt med demokratiopplæring for unge	+ 50.000 + 50.000 + 50.000 + 50.000			
01B	2017 2018 2019 2020	Forsøk med 1 times fysisk aktivitet pr. dag i skulen, utvalde skular etter søknad	+ 500.000 + 500.000 + 500.000 + 500.000			

Endringar i driftsbudsjettet i høve til byrådet si innstilling II						
T. omr	Gjeld år/ periode i økonomi- plan	Verbal skildring av til- tak/ teneste	Endringar i rammebudsjett til aktuelt te- nesteområde	Øyremerking av midlar in- nanfor føre- slått ramme- budsjett	Ev. forslag til inndek- ning	
01B	2017 2018 2019 2020	Utvide ordninga med FIKS i skulen til (fysisk aktivitet for uorganisert ungdom). Prioriterte bydelar: Arna, Laksevåg og Årstad	+ 500.000 + 500.000 + 500.000 + 500.000			
01B	2017 2018 2019 2020	Prosjektpott for etablering av varm skulelunsj ved fleire skular. På skular der dette ikkje høver kan andre alternativ vurderast	+ 2.000.000 + 5.000.000 + 5.000.000 + 5.000.000			
01B	2017 2018 2019 2020	Gjenopprette ordninga med kommunal FAU for å styrkje samarbeidet skulane i mellom.	+ 250.000 + 250.000 + 250.000 + 250.000			
01B	2017 2018 2019 2020	Forsøksordning med leksehjelp på 1. til 4. trinn med hjelp av frivillige	+ 500.000 + 500.000 + 500.000 + 500.000			
01B	2017 2018 2019 2020	Forsøk med at skular har sin parsellhage. Målsettinga skal vere at ein dyrkar matvarer som kan nyttast i kjøkkenundervisninga.	+ 500.000 + 500.000 + 500.000 + 500.000	Resten blir føresettt dekkja innanfor ramma.		
16	2017 2018 2019 2020	Generelt nedtrekk i administrasjon på 2 %. Denne skal primært tas ut i sentral administrasjon i byrådsavdelinga	- 1,370.000 - 1,370.000 - 1,370.000 - 1,370.000			

### Fysisk aktivitet/Uteareal ved skulane

Senterpartiet ser på fysisk aktivitet som viktig for barn og unge. Grunnlaget for gode vanar med fysisk aktivitet vert lagt i ung alder, og er ein viktig del av det førebyggjande helsearbeidet. Forsking viser også at elevar med eit tilbod



om fysisk aktivitet får betre resultat i skulen. Vi ønskjer difor å auke løyvingane til opprusting av uteområde i skulen, utover det byrådet har foreslått, med til saman ni millionar i fireårsperioden. Det må også byggjast fleire nærmiljøanlegg for idrett. Fleire skular og idrettsanlegg bør vere opne på kveldstid, for å kunne gje tilbod til born/unge som ikkje driv organisert idrett.

Talforslag til investeringsbudsjett/ økonomiplanens investeringsdel					
TT. om r	Gjeld år/ periode i økonomiplan	Verbal skildring av tiltak/prosjekt eller budsjettpost	Endringar i budsjettpost/ Nytt budsjettpost	Ev. forslag til inndekning	Votering
01	2017 2018 2019 2020	Auke opprustinga av utearealet ved skular og barnehagar	+ 2.000.000 + 2.000.000 + 2.000.000 + 3.000.000		Fremja av: Sp Støtta av:
13	2017 2018 2019 2020	Utbygging av nærmiljøanlegg for idrett	+ 4.000.000 + 3.000.000 + 3.000.000 + 3.000.000		Fremja av: Sp Støtta av:

## **Klima, kultur og næring**

Bergensarane brukar stadig større del av tida si på kulturopplevingar. Kulturen og det frivillige er limet i samfunnet, og tilfører fellesskapet entusiasme og skapartrøng. Dette skal auke livskvaliteten til den einskilde, betre folket si psykiske helse og førebyggje kriminalitet.

Bergen er og skal vere ein internasjonal kulturby. Byen har rikt og mangfaldig kulturliv der innbyggjarane både opplever og tek del i tradisjonelle og nyskapande kulturaktivitetar. Bergen sine mange frivillige organisasjonar skaper eit mangfaldig kultur- og idrettsliv, og legg grunnlaget for utvikling av gode nærmiljø med meiningsfylte aktivitetar for både unge og gamle. Senterpartiet vil støtte og stimulere det frivillige organisasjonslivet på ein slik måte at engasjerte menneske også i framtida fyller rolla som viktige samfunnsaktørar. Satsinga på kulturskulen og fjerning av køane for barn som ynskjer plass i kulturskulen må halde fram.

## **Bymiljø**

Senterpartiet vil auke vedlikehaldet av parkar, grønne lungar, leikeplassar og kommunale bygningar. Vi vil saman med næringsdrivande sikre eit betre reinhald og mindre forsøpling av byen. Vi vil oppgradere byroma og auke løyvingane til planting og andre tiltak for å gjere det vakrare og meir triveleg rundt oss. Herunder fleire bymøblar som benkar og bord. Fleire skulehagar bør etablerast, gjerne knytt til dei mange gardsbruka som Bergen kommune eig.

Senterpartiet set av 0,5 million til dette tiltaket kvart av dei neste 4 åra. Det blir stadig færre gardsbruk i drift i Bergen, difor er det viktig å oppretthalde gardsbruk som kan leggje til rette for barns kontakt med dyr og som kan bli brukt i undervisningssamanheng.

## **Historieprosjekt og museum**

Senterpartiet vil opprette ein pott som lokale historielag kan søkje om midlar til konkrete driftsprosjekt. I dette vil vi også styrkje samarbeidet mellom kommunen og historielaga om registrering av kulturminne i heile byen. Sp meiner det er viktig å vise ettertida kva som skjedde på Gestapokontoret i Veiten og set av midlar til investeringsstøtte til å bygge opp eit formidlingssenter og midlar til drift. Dette kan gjerne skje i eit samarbeid med Bymuseet eller tilsvarande.

## **Tru og livssyn**

Senterpartiet vil sikre den norske kyrkja og andre dei andre trus- og livssynssamfunna gode og føreseielege rammevilkår. Senterpartiet vil sikre vedlikehaldet av kyrkjebygga i byen. Vi vil sikre at innbyggjarane utan kostnad kan bruke kyrkjeroma til bryllaup og gravferder. Vi vil også tilretteleggje gravstader og nøytrale seremonirom slik at også medlemmar av andre trus- og livssyn kan bruke desse. Senterpartiet vil tilsette fleire koordinatorar for frivillige og fleire diakonar i kyrkjelydane.

## **Dyrka mark – bynært landbruk**

Dyrka mark er ein fornybar ressurs som ikkje let seg erstatte. Å sikre eit lokalt landbruk er ein føresetnad for å kunne tilby innbyggjarane trygg, kortreist mat. Kommunen er ein stor eigar av jordbruksareal og har eit sjølvstendig ansvar for å ta vare på og syte for at arealet er i drift (gjernar gjennom utleige). Senterpartiet meiner at å verne om matjord

må vere det viktigaste omsynet når omdisponering av areal skal gjerast i kommunen. Det må først eit langt meir aktivt jordvern i Bergen kommune enn det som vert gjort i dag.

Landbruket si rolle i lokal matproduksjon, vedlikehald av kulturlandskapet, tenester retta mot helsesektoren og skuleverket må stimulerast. Det same må landbruket si rolle i reiselivsnæringa. Å oppretthalde gardsbruk som kan bli brukt i undervisningssamanheng og kan leggje til rette for at barn skal ha kontakt med dyr er viktig.

Forslag til nye eller endra mål til driftsbudsjett/ økonomiplanen sin driftsdel					
TT. omr	Verbal skildring av mål	Målemetode /-indikator	Talfesting av mål for budsjettåret (2017)	Talfesting av mål innan utgangen av økonomi-planperioden (2020)	Votering
10C	Styrkje jordvernet	Talet på nedbygde dekar dyrka eller dyrkbar jord.	0-2 %	0%	Fremja av: Sp Støtta av:
12B	Bergen skal ha ein av dei beste kulturskulane i landet	Rangering på Norsk kulturindeks. 2016 på 392.-plass av kommunane	Betre enn 200.-plass	Betre enn 10.-plass	Fremja av: Sp Støtta av:

Endringar i driftsbudsjettet i høve til byrådet si innstilling II						
T. omr	Gjeld år/ periode i økonomi-plan	Verbal skildring av tiltak/ teneste	Endringar i rammebudsjett til aktuelt tenesteområde	Øyremerking av midlar innanfor føreslått rammebudsjett	Ev. forslag til inndekning	
12A	2017 2018 2019 2020	Stønad til lokale historielag etter søknad	+ 500.000 + 500.000 + 500.000 + 500.000			
12B	2017 2018 2019 2020	Støtte til Fana skoleteater	+ 35.000 + 35.000 + 35.000 + 35.000			
12B	2017 2018 2019 2020	Styrke kulturskulen – reduserte ventelister og betre tilbod	+ 2.000.000 + 3.000.000 + 3.000.000 + 3.000.000			

Endringar i driftsbudsjettet i høve til byrådet si innstilling II						
T. omr	Gjeld år/periode i økonomiplan	Verbal skildring av tiltak/teneste	Endringar i rammebudsjett til aktuelt tenesteområde	Øyremerking av midlar innanfor føreslått rammebudsjett	Ev. forslag til inndekning	
12C	2017 2018 2019 2020	Driftsstøtte «Gestapomuseet i Bergen»	+ 300.000 + 300.000 + 300.000 + 300.000			
12C	2017 2018 2019 2020	Driftsstøtte til Almåsgårdenes Venner	+ 100.000 + 100.000 + 100.000 + 100.000			
12C	2017 2018 2019 2020	Reversere kutt i tilskot til Tellevik kystfort (Teneste 37580)	+ 400.000 + 400.000 + 400.000 + 400.000			

### Kulturhus - dei andre bydelane sin tur

Fana fekk sitt kulturhus i 2009, no er det dei andre bydelane sin tur. Senterpartiet har programfesta at vi ynskjer kulturhus i alle bydelar, og er derfor pådrivarar for at kulturhus i Åsane og sambruksanlegg for kultur- og idrett i Fyllingsdalen vert realisert innan økonomiplanperioden Senterpartiet ynskjer primært å byggje dette i kommunal regi. Plassering og realiseringstidspunkt er likevel meir avgjerande enn bygging i kommunal regi, og vi er difor opne for leige dersom dette mogleggjer ei betre løysing. Vi er positive om ein i Åsane får til eit samarbeid med fylkeskommunen. Fylkeskommunen er uansett planlagd som brukar av anlegget.

### Utbygging av nærmiljøanlegg for idrett

Senterpartiet vil byggje fleire nærmiljøanlegg for idrett og set av midlar til dette.

Talforslag til investeringsbudsjett/ økonomiplanens investeringsdel					
TT. omr	Gjeld år/periode i økonomiplan	Verbal skildring av tiltak/prosjekt eller budsjettpost	Endringar i budsjettpost/ Nytt budsjettpost	Ev. forslag til inndekning	Votering
13	2017 2018 2019 2020	Investeringsstøtte til Gestapomuseet	+ 1.700.000		Fremja av: Sp Støtta av:

Talforslag til investeringsbudsjett/ økonomiplanens investeringsdel					
TT. omr	Gjeld år/ periode i økonomiplan	Verbal skildring av tiltak/ prosjekt eller budsjettpost	Endringar i budsjettpost/ Nytt budsjettpost	Ev. forslag til inndekning	Votering

## Sosiale tenester, bustad og inkludering

### Sosialhjelpa må styrkjast

Bergen Senterparti har programfesta at vi vil rekne ut stønaden etter sosialtenestelova etter ei individuell vurdering basert på behov. Barnetrygd og kontantstøtte skal ikkje reknast med i grunnlaget for sosialhjelp.

### Styrking av rusomsorga

Senterpartiet vil styrkje arbeidet med førebygging av rusbruk, både for elevar i skulealder og i andre aldersgrupper. Det bør peikast ut særskilde personar ved kvar skule som har ansvaret for arbeidet med førebygging. Senterpartiet meiner ein burde ha satsa på førebygging, behandling og ettervern i staden for sprøyterom. Når sprøyterommet no er under etablering/er etablert vil vi fullføre prosjektet. Det er likevel viktig at dette blir følgt nøye og evaluert etter at det har vore etablert ei tid.

### Støtte til frivillige tiltak

Vi prioriterer det viktige arbeidet som Leieboerforeningen i Bergen, Fontenehuset og Frelsesarméens slumstasjon gjer, og gir støtte til dei.

Endringar i driftsbudsjettet i høve til byrådet si innstilling II						
T. omr	Gjeld år/ periode i økonomiplan	Verbal skildring av tiltak/ teneste	Endringar i rammebudsjett til aktuelt tenesteområde	Øyremerkning av midlar innanfor føreslått rammebudsjett	Ev. forslag til inndekning	
04A	2017 2018 2019 2020	Styrke tiltak til førebygging rehabilitering og ettervern for rushavhengige.	+ 3.000.000 + 3.000.000 + 3.000.000 + 3.000.000			
04A	2017 2018	Støtte til slumstasjonen til Frelsesarméen	+100.000 +100.000			

Endringar i driftsbudsjettet i høve til byrådet si innstilling II						
T. omr	Gjeld år/periode i økonomi-plan	Verbal skildring av tiltak/teneste	Endringar i rammebudsjett til aktuelt tenesteområde	Øyremerkning av midlar innanfor føreslått rammebudsjett	Ev. forslag til inndekning	
	2019 2020		+100.000 +100.000			
04A	2017 2018 2019 2020	Reversere kutt i tilskot til IOGT	+61.000 + 61.000 + 61.000 + 61.000			
04B	2017 2018 2019 2020	Gi driftsstønad til Leieboerforeningen i Bergen	+ 500.000 + 500.000 + 500.000 + 500.000			
04B	2017 2018 2019 2020	Støtte til Fontenehuset	+ 200.000 + 200.000 + 200.000 + 200.000			
04B	2017 2018 2019 2020	Styrkje tolketenesta ved skulane både for døve og for elevar med anna morsmål enn norsk	+ 500.000 + 1.000.000 + 1.000.000 + 1.000.000			
16	2017 2018 2019 2020	Generelt nedtrekk i administrasjon på 2 %. Denne skal primært tas ut i sentral administrasjon i byrådsavdelinga	- 1.370.000 - 1.370.000 - 1.370.000 - 1.370.000			

### Sjukeheimar og omsorgsbustader

Bystyret meiner at Bergen kommune har eit etterslep på utbygging av både av sjukeheimplassar, omsorgsbustader og bustadar for rusavhengige– og psykiatripasientar. Det må satsast på ei gradvis planlagt utbygging slik at ein hentar inn etterslepet og blir i stand til å møte auken i talet på eldre. Kommunen må sikre seg tomter til framtidig utbygging i samband med reguleringsplanar eller når slike er for sal.

## Byutvikling

Senterpartiet vil forvalte Bergens rike natur- og kulturarv med respekt. Omsynet til naturgrunnlag og miljø må overordnast andre meir kortsiktige omsyn. Lokalsamfunnet er bærebjelken i Senterpartiets politikk. Reine og trivelege utemiljø og velhalde byrom er trivselsfremmande i seg sjølv, men også tryggleiksskapande og byggjer opp under forståinga om at miljøet og omgjevnadene må handsamast med respekt. Vedlikehaldet av parkar, grønne lungar, leikeplassar og kommunale bygningar må styrkast. Saman med næringsdrivande må ein sikre eit betre reinhald og mindre forsøpling av byen. Byroma skal betrast gjennom auke i løyvingane til planting og andre tiltak for å gjere det penare og meir triveleg.

Biltrafikken i sentrum eksponerer innbyggjarane for helsefare. For at fleire skal kunne nytte seg av kollektivtrafikk må arbeidet med planlegging og etablering av innfartsparkeringsplassar i bydelane gå raskare.

Den ubygde strandsona må sikrast vern, og det må strammast inn på dispensasjonar frå reglane.

### Saksbehandling

Bergen kommune har legen slitt med lang sakbehandlingstid på planer og byggesaker. Vi ser positivt på auken i løyvingane til etaten for å redusere saksbehandlingstida. Vi vil likevel be om at byrådet følgjer utviklinga nøye og kjem med nye tiltak dersom venta reduksjon ikkje kjem.

### Folkehelse

Fleire turvegar og friluftsområde skal blir universelt utforma, og Sp vil derfor satse meir på dette. Fleire av dei mange turstiane må merkast betre. Vi ser miljø- og helsegevinsten i at fleire går og sykklar, og styrkjer satsinga på gang- og sykkelvegnettet. Bystyrevedtaket om offensiv sykkelstrategi må gjennomførast etter planen.

### Kulturminne

Bergen er ein by med sterk befolkningsvekst. Dette fører til høg byggeaktivitet, og kan føre til at uerstattelige kulturminne vert øydelagde. Senterpartiet meiner at det må gjennomførast kartlegging av kulturminne i alle bydelar slik at desse kan takast vare på og er kjende i samband regulering- og utbyggingsplanar. Dette er eit langsiktig arbeid og kan gjerne skje i samarbeid med lokale historie og kulturlag. Vi set av 2 millionar i året til dette. Det er også viktig å styrkje samarbeidet med Hordaland fylkeskommune si kulturminneavdeling.

### Kartlegging av ureina vassdrag

Det er ein urovekkjande å sjå korleis ureininga frå gamle utslepp gjer elver ueigna til gyteelver for fisk. Sp vil arbeide for fjerninga av forureining frå gamle utslepp og tilbakeføring av flest moglege elver og bekker i rør til opphavelig stand. Difor ynskjer vi ei kartlegging av tilstanden av elvene i kommunen.

Senterpartiet vil gje driftsmidlar til nystarta Bergen Elveforum ledd i dette arbeidet. Dei gjer ein viktig jobb også for å planlegge opning av fleire vassdrag.

### Auka nærmiljøsatsing gjennom frivillige lag og organisasjonar

Senterpartiet vil styrkje innsatsen som mange frivillige lag og organisasjonar gjer for nærmiljøet sitt. Dette gjeld lokale velforeiningar, nærmiljøorganisasjonar, og organisasjonar som «Bærekraftige Liv» m.fl. Det bør setjast av årleg pott som denne typen organisasjonar kan søkje om midlar frå til klart definerte tiltak.

Stønadmottakar må i ettertid kunne dokumentere at midlane er brukte til det som det er søkt om.

Forslag til nye eller endra mål til driftsbudsjett/ økonomiplanen sin driftsdel					
TT. omr	Verbal skildring av mål	Målemetode /-indikator	Talfesting av mål for budsjettåret (2017)	Talfesting av mål innan utgangen av økonomiplanperioden (2020)	Votering
10A	Styrke samarbeidet med Hordaland fylkeskommune sin kulturminneavdeling.	Lage plan for registrering av kulturminne i samarbeid med fylkeskommunen.	Arbeid starta opp	Plan fullført	Fremja av: Sp Støtta av:
10C	Kartleggje talet elvar som har mista naturleg fiskebestand og restaurere vassdrag til opphavlege kvalitet	Talet på elvar som har mista fiskebestanden.	Kartleggje talet på elvar	Redusere med minst 2 vassdrag	Fremja av: Sp Støtta av:

Endringar i driftsbudsjettet i høve til byrådet si innstilling II						
T. omr	Gjeld år/periode i økonomi-plan	Verbal skildring av tiltak/teneste	Endringar i rammebudsjett til aktuelt tenesteområde	Øyremerkning av midlar innanfor føreslått rammebudsjett	Ev. forslag til inndecking	
8	2017 2018 2019 2020	Tilrettelegging for trygg sykkelparkering, herunder skilting og opplysning om anlegg for slik parkering	+ 500.000 + 500.000 + 500.000 + 500.000			
10C	2017 2018 2019 2020	Tiltak for opprusting av byromet i samarbeid med nærmiljøet etter søknad.	+ 1.000.000 + 4.000.000 + 4.000.000 + 4.000.000			
10C	2017 2018 2019 2020	Driftstilskot til Bergen Elveforum	+ 250.000 + 250.000 + 250.000 + 250.000			
10C	2017	Fuglekasseprosjektet (auke	+5.000			



Endringer i driftsbudsjettet i høve til byrådet si innstilling II						
T. omr	Gjeld år/periode i økonomi-plan	Verbal skildring av tiltak/teneste	Endringer i rammebudsjett til aktuelt tenesteområde	Øyremerking av midlar innanfor føreslått rammebudsjett	Ev. forslag til inndekning	
	2018 2019 2020	løyving)	+ 5.000 + 5.000 + 5.000			
16	2017 2018 2019 2020	Generelt nedtrekk i administrasjon på 2 %. Denne skal primært takast ut i sentral administrasjon i byrådsavdelinga	-680.000 - 680.000 - 680.000 - 680.000			

### Investering i framtidig byutvikling

Senterpartiet vil planleggje for framtida. Vi set av til saman 37 millionar til framtidig byutvikling, planlegging av framtidig investering i kommunalt areal, innfartsparkeringsplassar, av gang- og sykkelveggar og turvegnettet.

Talforslag til investeringsbudsjett/ økonomiplanens investeringsdel					
TT. omr	Gjeld år/periode i økonomi-plan	Verbal skildring av tiltak/prosjekt eller budsjettpost	Endringer i budsjett-post/ Nytt budsjettpost	Ev. forslag til inndekning	Votering
08	2017 2018 2019 2020	Investering i langsiktig byutvikling gjennom erverv av tomteareal og tilrettelegging for framtidig bygging av innfartsparkeringar	+ 10.000.000 + 10.000.000 + 10.000.000 + 10.000.000		Fremja av: Sp Støtta av:
10	2017 2018 2019 2020	Investering i byutvikling i form av gang- og sykkelveggar	+ 8.000.000 + 8.000.000 + 8.000.000 + 8.000.000		Fremja av: Sp Støtta av:
10	2017 2018 2019 2020	Opprusting av turvegnettet og betre tilgjenge til friluftsområde også for ulike grupper funksjonshemma	+8.000.000 + 8.000.000 + 8.000.000 + 8.000.000		Fremja av: Sp Støtta av:

## Administrasjon og fellestenester

### Levekår

Senterpartiet meiner at folkehelseperspektivet må vektleggjast i alt planarbeid i kommunen og integrerast i kommunepleanen. Levekårsrapporten som vart lagt fram i 2012 og den nye rapporten om Barn og unge i Bergen i 2014 fortel oss at det er stor skilnad mellom ulike buområde i byen. Senterpartiet meiner desse rapportane skal vere eit grunnlagsdokument for budsjettet og økonomiplanarbeidet. Alle plan- og byutviklings saker skal vise konsekvens dei vil ha for levekår og folkehelse. Alle bergensarar skal ha eit likeverdig tenestetilbod uavhengig av kva for ein bydel dei bur i. Dette skal vere eit overordna prinsipp i budsjettarbeidet og i planlegginga av vidare utviklinga av byen.

Forslag til nye eller endra mål til driftsbudsjett/ økonomiplanen sin driftsdel					
TT. omr	Verbal skildring av mål	Målemetode /-indikator	Talfesting av mål for budsjettåret (2017)	Talfesting av mål innan utgangen av økonomiplanperioden (2020)	Votering
11A	Fjerne kø til fagprøve	Tal på personar som ventar på fagprøve	0	0	Fremja av: Sp Støtta av:
16	Å sikre alle bergensarar det same tenestetilbodet	Måling av levekår og samanlikning av tenestetilbod i dei ulike levekårssonene/ bydelane		Ved neste måling skal det vere reduserte skilnader	Fremja av: Sp Støtta av:
16	Auke arbeidsnærværet	Kvartalevise målingar Månadlege nærværstal	93%	93%	Fremja av: Sp Støtta av:

### Avbyråkratisering av byrådsleiars avdeling

Senterpartiet er opptatt av å bruke pengane på produksjon av tenester til byen sine innbyggjarar framfor auka byråkrati. Vi registrerer at byrådsleiars avdeling har auka i omfang. Avdelinga har også ei informasjonsavdeling som i stor grad brukar tida på å informere om byråds politik. Vi meiner derfor at ressursane her må omprioriterast til å gje innbyggjarane eit betre tilbod i staden.

### Kontorfortetting

Bergen kommune har rom for å effektivisere bruken av areal til kontor i administrative avdelingar. Trenden i næringslivet er mindre kontor og meir bruk av opne kontorlandskap. Ein går bort frå møterom på enkeltkontor til å i større grad bruke felles møterom ved behov. Gjennom ein meir bevist planlegging av kontorlandskapet i kommunen sine bygg kan ein redusere kostnaden til lokale gjennom å gi fleire plass i eigne bygg og redusert innleige. Senterpartiet set av investeringar til dette og budsjetterer med ein effektiviseringsgevinst på dette.

## Vikartenester

Sp meiner det er viktig å satse vidare på styrking av eigen vikarteneste for å sikre stabil tilgang på vikarar. Å sikre dei som ynskjer det ein auka stillingsbrøk er også viktig, både i undervisning- og helsesektoren.

Endringar i driftsbudsjettet i høve til byrådet si innstilling II						
T. omr	Gjeld år/periode i økonomi-plan	Verbal skildring av tiltak/teneste	Endringar i rammebudsjett til aktuelt tenesteområde	Øyremerkning av midlar innanfor føreslått rammebudsjett	Ev. forslag til inndecking	
16	2017 2018 2019 2020	Generelt nedtrekk i administrasjon i byrådsavdeling i finans, konkurranse og eigarskap.	- 5.000.000 - 5.000.000 - 5.000.000 - 5.000.000			
16	2017 2018 2019 2020	Reduserte eksterne konsulentkjøp	- 5.000.000 - 5.000.000 - 5.000.000 - 5.000.000			
21	2016 2017 2018 2019	Effektivisering av innkjøp, og restriktiv innkjøpsaktivitet. Bättre utnytting av innkjøpsavtaler.	- 5.000.000 - 5.000.000 - 5.000.000 - 5.000.000			
16	2017 2018 2019 2020	Stryke auke i sentral avsetning til auka administrative ressursar i byrådsavdelingane	- 7.000.000 - 7.000.000 - 7.000.000 - 7.000.000			
21	2017 2018 2019 2020	Kontorfortetting gjennom mindre kontor, meir bruk felles møterom og åpne kontorlandskap. Vil redusere behovet for ekstern innleie lokale i administrasjonen.	- 3.000.000 - 4.000.000 - 5.000.000 - 6.000.000			
21	2017 2018 2019 2020	Redusert reiseaktivitet og auke bruk av alle reie innkjøpt utstyr for videokonferansar og Skype møte. Gjeld også internt i Bergen	- 5.000.000 - 7.000.000 - 10.000.000 - 10.000.000			

## Talforslag til investeringsbudsjett/ økonomiplanens investeringsdel

TT. omr	Gjeld år/periode i økonomiplan	Verbal skildring av tiltak/prosjekt eller budsjettpost	Endringer i budsjettpost/ Nytt budsjettpost	Ev. forslag til inndekning	Votering
21	2017 2018 2019 2020	Investeringsmidlar til prosjekt kontorfortetting	+ 5.000.000 + 5.000.000 + 5.000.000		Fremja av: SP Støtta av:

## Bystyret sine organ

### Gjenopprette bydelsstyra

Senterpartiet vil ha ein styringsstruktur i Bergen som reduserer avstanden mellom dei folkevalde, byråkratiet og folket. Fleire kommunale tilbod bør bli lagt til bydelane. Senterpartiet vil styrkje lokaldemokratiet i Bergen og gjenopprette bydelsstyra i Bergen. Dei skal ha eit klart definert mandat og reell styring over viktige oppgåver i bydelen. Dette vil styrke utviklinga i dei einskilde bydelane.

### Auka engasjement i lokaldemokratiet og - samfunnet

Senterpartiet ynskjer å engasjere byens innbyggjarar sterkare i det som skjer i byen og at bystyre og byråd får fleire innspel frå innbyggjarane i lokale saker. I påvente av nye bydelsstyre vil vi derfor at ein etablerer ei ordning med lokale møte minst 2 gonger i året i kvar bydel der byråd og partirepresentantar møter folket i opne folkemøte. På desse møta skal folket stå i sentrum og det skal ikkje være debatt politikarane imellom, men ein skal svare på spørsmål frå deltakarane. Møta kan når det passar også knytast til aktuelle og viktige saker i bydelen, t.d. store utbyggingssaker og skuleomleggingar, men desse må gjerne kome i tillegg.

Endringar i driftsbudsjettet i høve til byrådet si innstilling II						
T. omr	Gjeld år/periode i økonomi-plan	Verbal skildring av tiltak/teneste	Endringar i rammebudsjett til aktuelt tenesteområde	Øyremerkning av midlar innanfor føreslått rammebudsjett	Ev. forslag til inndecking	Votering
15	2017 2018 2019 2020	Dialogmøte i alle bydelar. Det skal arrangerast minst et dialogmøte i kvar bydel kvart år. Dette i regi forretningsutvalet i samarbeid med koordineringsgruppa for lokaldemokratireforma i samarbeid med lokaldemokratiutvalet.	2,5 millionar 2,5 millionar 2,5 millionar 2,5 millionar			Fremja av: Sp Støtta av: